

Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av gnr 25 bnr 92 og eigar av gnr 25 bnr 6 har 13.08.2017 rekvirert oppmålingsforretning med grensejustering over 25/92.

Oppmålingsforretning vart halde 11.10.2017. Ved forretninga møtte Jarle Fosse for 25/6, Lars Ivar Dahl for 25/92 og Svenn Tore Jordal for 25/40, 122. Eigarar av 25/52 var også varsla, men møtte ikkje.

Lars Ivar Dahl påviste merkestein i nordaustre hjørne av 25/92. Her vart sett ned nytt grensemerke, grensepunkt 92-1. I grensa mot 25/52 er det ein gamal steingard, men merkesteinane som er skildra i skyldskiftet vart ikkje funne. Det vart heller ikkje funne gamle grensemerker i grensa mot 25/40. I følgje skyldskiftet har 25/92 felles grense mot 25/40 frå grensa mot 25/52 først i ei lengd av 28m i nordleg retning, så i vestleg retning 7,60m.

I etterkant av forretninga har Svenn Tore Jordal og Lars Ivar Dahl prøvd å leita fram kross i fjell som skal liggja søraust for garasjen til 25/92, men utan resultat.

Kommunen kalla inn til ny synfaring 16.11.2017. Her møtte Lars Ivar Dahl, Svenn Tore Jordal og Per Atle Sæle. Med bakgrunn i to skisser som tidlegare eigar av 25/92 har utarbeidd, vart grensa langs sørsida av garasjen til 25/92 fastlagt til å gå 1,5m frå murvegg på garasjen. Det vart også sett ned nytt grensemerke i toppen av mur, grensepunkt 92-4 som skal utgjera knekken i grensa mellom 25/92 og 25/40. Vidare vart det sett ned to nye grensemerker i midt steingard i grensa mot 25/52 og 25/40, grensepunkt 92-2 og 92-3. I grensa mot 25/6 vart det sett ned eit grensemerke i stein, grensepunkt 92-5, sør for sørvestre hjørne av garasjen til 25/92 og eit grensemerke ved ristesluk, grensepunkt 92-6.

Eigar av 25/6 og eigar av 25/92 er samde om å justera den nordre grenselina til 25/92 til å gå 0,75m forbi grensepunkt ved ristesluk til umerka grensepunkt 92-7. Herifrå i nordaustleg retning først 18,33m til nytt grensemerke i mur ved foten av stor stein, grensepunkt 92-8, vidare litt meir austleg 22,32m tilbake til utgangspunktet, grensepunkt 92-1. Det justerte arealet er oppmålt til 21,6 m², medan arealet til 25/92 før justering er oppmålt til 1339,5 m².

Eit av hovudvilkåra for å gjennomføra ei grensejustering er at arealet ikkje må overstiga 5 % av den minste eigedomen. Vidare må verdien av det justerte arealet ikkje overstiga grunnbeløpet i folketrygda (1G). Grensejusteringa utgjer 1,6 % av arealet til den minste eigedomen og verdien av arealet er slik styrar vurderar det langt under verdigrensa på 1G.

Kommunen har retta opp dei gamle grensene til 25/92 i samsvar med slik ein var samde om på synfaringa 16.11.2017. Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa må eigar av 25/6 og eigar av 25/92 godkjenne justeringa med underskrift på protokollen og returnera eit eksemplar hertil. Når kommune får tilbake underskriven protokoll, skriv vi ut nytt matrikkelbrev for 25/92 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS\CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Eigar av gnr 25 bnr 6 og eigar av gnr 25 bnr 92 godkjenner med dette grensejusteringa mellom dei to eigedomane slik som skildra ovafor:



Eigar av gnr 25 bnr 6

Eigar av gnr 25 bnr 92

Sted

Frekhaug

Dato

21.11.2017

Underskrift

